

Nettside

- Suldal kommune
- Omega Areal as

Vedk.: Kunngjering på nett

Ber om at følgjande kunngjering vert teken inn på nettsida

Med venleg helsing

Omega Areal as

Eileen P. Selland
e-post: eileen@omega.no

Varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for Randåsen - Klypa – Suldal kommune

I samsvar med § 12-8 i Plan og bygningslova, vil me med dette informere om at Omega Areal as på vegne av Suldal kommune skal utarbeide forslag til reguleringsplan for Randåsen - Klypa på Sand i Suldal kommune. Planområdet går fram av vedlagte kart. Varsel om oppstart er lagt ut på heimesida til Suldal kommune og Omega Areal as.

Området er i arealdelen til kommuneplanen sett av til byggjeområde for bustader, friområde og LNF-område. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for einebustader og rekkehus/ konsentrert busetnad i området Randåsen - Klypa på Sand. Området inngår i dei eldre planane for Sand terrasse (1980) og Randåsen II (1997), begge med bustader som hovudføremål. Hovudtilkomsten til området vil skje frå Randåsen- sida via Eidssjøvegen/ Eidsvikvegen.


Området er av Suldal kommune vurdert til ikkje å utløyse krav om konsekvensutgreiing (KU), då bustadføremålet er i hovudsak i tråd med overordna plan.

For nærare informasjon kan du kontakta Omega Areal as, tlf 975 40 000.


Eventuelle merknader til oppstart av planarbeidet kan sendast til

Omega Areal as, Kvassanesvegen 4, 5582 Ølensvåg eller areal@omega.no - innan 14.02.2020.

Etter at meldingsfristen er ute vil sjølve planforslaget verte utarbeidd og innsendt til kommunen. Etter første gongs handsaming vert planen utlagt til offentleg ettersyn. Det vil då vere høve til å komma med eventuelle merknader og motsegn mot planforslaget før endeleg handsaming av planen.



Oversiktskart. Kjelde: kommunekart.com




Utsnitt frå gjeldande kommuneplan. Kjelde: kommunekart.com

Stor nok til å levere,
liten nok til å bry seg

Kvassanesvegen 4
5582 Ølensvåg

Telefon 97 54 00 00
Epost areal@omega.no


Internett areal.omega.no
Org. Nr. 986 930 264




Utsnitt fra gjeldende reguleringsplan for Sand terrasse (1980). Kjelde: Suldal kommune



Utsnitt fra gjeldende reguleringsplan for Randåsen II (1997). Kjelde: kommunekart.com



N



Planområdet
ca 620 daa

Maleniusåsen

Klypa

Mot Sand

Ev4716 Sandsvegen

Mot Suldalsosen